

- Det var tøft, men det er godt å ha fått alt i hus. Fjellaren ligg strak i sofaen etter fleire dagar med kamphandlingar.

Sjølv om det har gått to månader sidan Fjellaren returnerte frå kampområda på Skjolden, ber han endå preg av at han har vore i strid.

- Heilt frå eg var liten har eg berre høyrte om desse kampene som utspelar seg kvar seinsommar på fjellet. Det vart fortalt då at, det som eg såg på som vanlege eldre og trivlege menneske, utkjempa harde kampar der dei verna om eige territorium, seier Fjellaren medan han vrir seg til ei betre liggjestilling på sofaen.

Fjellaren har kjempa i den store moltekrigen. Sjølv om Fjellaren prøver å gje eit inntrykk av at han vore i relativt harde trefningar, har han ikkje nokre synlege skader.

- Det ligg her inne, seier han og slår seg varsamt på brystet.

Fjellaren kan fortelje om både fleire hundre meter lange turar og våte sokkar.

Det er tydeleg at Fjellaren har ganske så gode tankar om seg sjølv, og er nøgd med utfallet av kamphandlingane.

- Ja, det var skikkeleg tøft, seier han og ser alvorleg ut glaset medan han slurpar i seg eit stort glas sjokolademjolk. – Men eg har no i alle fall redda moltekremen, legg han til, og er tydleg nøgd med seg sjølv.

På spørsmål frå Fjell og vannvidd om å fortelje noko frå det han opplevde på slagmarka på Heida og nedafor Skjolden, ristar Fjellaren på hovudet og ser ned.

- Nei, det vil nok ikkje eigne seg på trykk, kommenterer han kort før han dreg teppet godt opp mot haka.

I staden fortel han villig om det viktige førebuingarbeidet han gjennomfører før han går i krigen.

- Etterretning er viktig i denne bransjen. Det lærte eg allereie i barndomen. I bygda eg vaks opp følgde alle godt med då naboen reiste til fjells. Alle vakta på alle, og ingen var trygge. I samtaler var det alltid eit mål å få motparten til å røpe kvar han fann dei største moltemyrane, fortel Fjellaren alvorleg.

Fjellaren seier at no treng han kvile før han legg ut på nye og tøffe eventyr, og peikar tydleg mot utgangsdøra. Fjell og vannvidd takkar for at Fjellaren viste storsinn, og sette av nokre minutt til dette magasinet som stort sett berre skriv om Fjellaren.



# Moltekrigaren